

## Wattn inviterer til nettverksamling med fokus på smart og berekraftig energibruk

Straumselskapet Wattn ønsker å gi små og store bedrifter i regionen eit unikt innblikk inn i kraftmarknaden. Dette vil dei gjere gjennom samlingar i næringslivsnettverket, EnergiArena.

- «Å spare kostnadar i dagens kraftmarknad er viktigare enn nokon gong. Derfor ønsker vi å tilby ein arena der bedrifter blant anna kan få nyttig kunnskap og veiledning om energisparing», seier leiar for bedrift i Wattn, Camilla Blom.

EnergiArena vil ha hovudfokus på energileiing og energisparing for bedrifter, men også ta opp relevante tema og følgje utviklinga i kraftmarknaden tett. Slik vil bedriftene alltid sitte med siste nytt, og kan gjere god val deretter.

- «Gjennom å implementere energileiing, ser vi at bedrifter kan kutte energikostnadane sine med inntil 10%. Det er klart det har stor betydning for ei bedrift slik kraftmarknaden er i dag», seier Blom.

Det er lagt opp til fleire samlingar gjennom året, og allereie 27. og 28. september vert det samlingar på Nordfjordeid og i Ålesund. I oktober går turen vidare til Ulsteinvik. Samlingane er fordelt utover regionen, og det vil også bli tilrettelagt for digitale samlingar for å nå flest mogleg.

## **Vedlegg:**

### **Om Wattn**

Straumselskapet Wattn er skapt og eigd av TAFJORD, Sogn og Fjordane Energi, Tussa, Sognekraft, Stryn og Vestlandsenergi. Wattn har framtidsretta produkt og tenester med fokus på smart teknologi og berekraft. Gjennom gode løysingar ynskjer vi å gi kundane betre innsikt og kontroll over kostnader og forbruk. Wattn har 50 tilsette fordelt på kontor i Ålesund, Sandane, Førde, Florø, Ørsta, Stryn, Vik i Sogn og Kvinnherad, og vil fortsette med å vere like lokale som tidlegare, berre med eit endå større kompetanseteam.

Det er selskapa som driv med rådgjeving og sal av straum i dei fire konserna som har slått seg saman. Dei resterande selskapa i dei fire konserna er ikkje omfatta av samarbeidet og vil halde fram som før.

### **Kontaktinformasjon:**

Steinar Brekke

Seniorrådgjevar bedrift og prosjektleiar EnergiArena

Telefon: 489 94 365

Epost: [steinar.brekke@wattn.no](mailto:steinar.brekke@wattn.no)